

---

**Fra:** Myrtveit, Magne <magne.myrtveit@dynaplan.com>  
**Sendt:** 28. mars 2017 09:07  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Emne:** Namn på den nye kommunen  
**Signert av:** magne.myrtveit@dynaplan.com

Kva skal den fusjonerte kommunen heita?

Dersom alle kommunane i Nordhordland slår seg saman, vil «Nordhordland kommune» vera eit høveleg namn. Men dette er ikkje tilfellet når samanslåinga avgrensar seg til Lindås, Meland og Radøy. Det er fare for at det vil skapa misnøye i Nordhordland, om tre av kommunane i regionen legg beslag på dette namnet, og såleis ekskluderer andre som også indentifiserer seg nordhordlendingar.

Det er sjølvsagt mogeleg å velja eit namn som alt er i bruk på ein kommune eller stad, men er ikkje det litt fantasilaust? Kanskje me først skulle utfordra den mest kreative delen av innbyggjarane – dei unge – til å koma med namneforslag?

Når eg likevel har pennen i handa, kan eg jo sjølv koma med eit forslag: La oss kalla kommunen «Heia kommune».

Lynghiane er kjenneteikn på naturen i området og har dessutan betydd mykje både for folk og fe gjennom tidene.

Dessutan er det å heia på kvarandre, noko som det vanskeleg kan bli for mykje av.

«Heia» attspeglar både natur og god kultur. Namnet kan brukast til å byggja ein identitet rundt – gjera kommunen til ein anti-jantelovskommune, ein kommune der me heiar kvarandre fram, ein kommune der me seier "hei" både til kjende og framande, slik Lous Armstrong formulerer det i «What a Wonderful World»:

The colors of the rainbow so pretty in the sky  
Are also on the faces of people going by  
I see friends shaking hands saying how do you do  
They're really saying I love you

Heia den nye kommunen!

Magne Myrtveit  
*Executive Partner*  
Dynaplan AS

Phone: +47 5637 4009  
Mobile: +47 9582 7500  
e-mail: [magne.myrtveit@dynaplan.com](mailto:magne.myrtveit@dynaplan.com)



Dynaplan AS	Dynaplan AG
Hellandsneset 81	Oberer Graben 3
N-5936 Manger	CH-9000 St. Gallen
Norway	Switzerland



